

## Referat frå representantskapsmøte i Stiftinga Kystkultur no!

Stad: Digitalt møte på Zoom, møteid: 831 7617 3371, passord: 474770

Dato: Tysdag 8. november klokka 10.00-11.00.

Tilstades: Siv Høgtun (Askøy), Per Lerøy (Austrheim/representantskapsleiar), Torill Mjelva Saatvedt (Bergen), Kristin Bøe (Bjørnafjorden), Stian Herøy (Fedje), Harald Rydland (Fitjar), Bjarte Undertun (Gulen), Karstein Totland (Masfjorden), Kjetil Eikefet (Modalen), Hjalti Heimir Gislason (Osterøy), Knut Harald Frøland (Samnanger), Gunn Åmdal Mongstad (Solund), Linn Therese Erve (Sveio), Sara Hamre Sekkingstad (styrelseleiar), Symphorien Phombe (styremedlem), Kjell Magnus Økland (dagleg leiar).

Med 13 røysteføre medlemmer til stades var representantskapet vedtaksfør.

Møtet vart opna av representantskapsleiar Per Lerøy.

### **01/22 Godkjenning av innkalling.**

Det var ingen merknader til innkallinga.

### **02/22 Val av ein representant til å signera møteboka i tillegg til møteleiar og referent**

Siv Høgtun vart vald til å signera møteboka.

### **03/22 Årsmelding 2021**

Dagleg leiar Kjell Magnus Økland fekk ordet og gjekk gjennom årsmeldinga. Frå Siv Høgtun vart det kommentert at årsmeldinga gav godt oversyn over aktiviteten og at stiftinga hadde fått til mykje trass i at 2021 var eit vanskeleg pandemiår. Representantskapet tok årsmeldinga til vitande.

### **04/22 Årsrekneskap 2021**

Dagleg leiar, Kjell Magnus Økland orienterte kort om rekneskapen som viste eit gledeleg plussresultat. Vidare vart det peika på stiftinga sin svake økonomi. Her oppmoda styremedlem Symphorien Phombe møtedeltakarane om no i budsjettøkonomien å saman hjelpa til at stiftinga sin økonomi kan betrast. Rekneskapen er revidert og funne i orden. Representantskapet tok årsrekneskapen til vitande.

### **05/22 Dagleg leiar orienterer om planar for verksemda til stiftinga**

Kjell Magnus Økland orienterte om fellesnaust, synfaringar, Kystpilegrimsleia og åttringprosjektet til Vestland fylkeskystlag. Det vart også peika på ei regional samling i Austrheim i september mellom Bergen og Hordaland Turlag og Vestland fylkeskystlag på den fyrste kysthytta til turlaget.

## 06/22 Ordsifte: Vegen vidare for stiftinga

Harald Rydland inviterte dagleg leiar til Fitjar på idedugnad/synfaringstur i samanheng med komande større 1000-årsmarkeringar i 2024. Gunn Mongstad spurde om samarbeidet med andre regionale organisasjonar. Her vart Bergen og Hordaland Turlag, Bergen og Omland Friluftsliv, Vestland Seilkrets, Vestland fylkekystlag nemnde som dømer på regionale aktørar ein har ofte og god dialog og Fjordane friluftsråd og Friluftsrådet Vest dømer der dialogfrekvensen kan aukast.

## 07/22 Ymse


Det var ingen saker under ymse.

Møte slutt 10.35.


Sandsli, 8. november 2022



Per Lerøy  
Leiar representantskapet  
Stiftinga Kystkultur no!



Siv Høgtun  
Representant for  
Askøy kommune



Kjell Magnus Økland  
Referent og dagleg leiar  
Stiftinga Kystkultur No!